

# ÅRSMELDING

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2021

Teatersjefens årsrapport **6**

Resultatrekneskap **18**

Balanse **20**

Notar **22**

Revisors beretning **28**

Statistikk **30**

Nøkkeltal **31**

Økonomisk resultat **31**

Repertoar **36**

Tilsette **38**

Styret **39**

Representasjon **39**



| | |
|---|---|
| Framsidebilete: | *Scener fra et ekteskap* Foto Erik Birkeland |
| Utgjevar: | Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal |
| Ansvarleg utgjevar: | Kristian Lykkeslet Strømskag |
| Redaksjon: | Kristian Lykkeslet Strømskag, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth |
| Utforming: | Rolf-Inge Pedersen Hjelseth |



Stillferdig og ettertenksomt om levd liv.
SUNNMØRSPOSTEN

## SKUMRINGSTIMEN

**av Peter Drabløs**

Regi **Eldrid Schrøder Kvalvik**

Med **Astrid Overaa, Peter Drabløs**

Premiere 8. november 2020
på Teatretfabrikken, Ålesund

| | | |
|---|---|---|
| Framsyningar: | 8 | (2020) |
| Publikum: | 377 | (2020) |
| Framsyningar: | 22 | |
| Publikum: | 1101 | |





**Treffsikkert og rett i hjertet.**
**SUNNMØRSPOSTEN**

## HABITAT

**av Fredrik Longva**

Regissør **Fredrik Longva**
Scenografi og kostyme **Erika Sjödin**
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**
Musikk **Vera Krohn Svaleng**
Scenografiassistent **Sara Fuglu**
Masker **Anita Jacobsen Marø**
Dukkemaker **Sofia Andersson**
Rekvisittar og masker **Freya Busby**

Med **Catharina Vu, Preben Lillebø Rongve, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Benedikte Sandberg** og **Lars Halvor Andreassen**

Premiere 30. januar 2021
på Teatret Vårt, Ålesund.

Framsyningar: 20
Publikum: 466

# TEATERSJEFENS ÅRSRAPPORT 2021

Dei siste åra har vi hatt tid til å reflektere. Vi har undra oss over korleis framtida vil bli – på kort og lang sikt. Antakeleg kjem vi ikkje tilbake til der vi var før pandemien starta. 2021 har vore ei uroleg tid både på teateret og utanfor, samstundes har vi fått mange stadfestingar på at vi er viktig både for enkeltpersonar og for samfunnet. Saman med publikum har vi gjenoppdaga at teateret har kraft og meining.

Vi har i løpet av 2021 blitt minna på kvifor vi spelar teater og er til stades i Møre og Romsdal. Eit bilde på det er den vesle jenta som sto utanfor salen og trippa av spenning før Julekveld med Teskjekjerringa. Ei anna påminning fekk vi då Skumringstimen vitja Kårvåghallen på Averøya. Ein av våre faste teatergjengarar fortalde at ho aldri kjøper berre éin billett. Ho kjøper alltid to for å dele; slik blir det dobbelt glede og felles lindring. Eit anna minne var då Stjernemateriale spela på Åndalsnes. Skuleelevane i salen reiste seg og ropa, hoia og svara skodespelarane fordi dei kjende seg igjen. Det var deira eigen kvardag dei såg utspele seg. Scener frå eit ekteskap bora direkte inn i livet til sjåarane. Ein publikummar har i etterkant fortald at framsyninga ga mot til å endre eigen livssituasjon.

Dette året har gitt oss fleire tilbakemeldingar enn vanleg. Den spesielle perioden vi har vore gjennom har gjort augeblikka i teatersalen endå meir verdifulle. Eg trur det er slik både fordi vi på teateret og publikum har kjent kor viktig fellesskapen er. Saman har vi kjend kor nødvendig det er å ta vare på gode og eksistensielle opplevingar. Dei har blitt sjeldnare og meir flyktige. Eit besøk i teateret er ein av få attverande fellesskapsarenaer i samfunnet vårt. Det er ikkje mange stader kor ukjende menneskjer møtes og er til stades i same rom over tid. Møta er verdifulle. Vi kjenner at dei tilfører noko meir enn sjølve framsyninga. Ein går inn i teateret som enkeltindivid. Ein går ut som eit fellesskap.

Teater er ein historieforteljar. Vi treng samanheng i liva våre. I teatersalen kan vi få perspektiv, klarheit og forståing. I ei tid som er fragmentert og uklår treng vi det. Teateret er eit alternativ til andre medieuttrykk. I scenerommet kan det dvelast ved ein tematikk over tid, teksten kan motseia seg sjølv og ulike synspunkt og perspektiv kan setjast opp mot kvarandre. Teatret skal tørre å vere noko anna enn kjappe og enkle svar på verkelegheita.

Til trass for stadig nye pålegg om redusert publikumskapasitet og andre endringar har vi i 2021 hatt 12 premierar. Det er mykje for Teatret Vårt. Det har vore viktig å betale tilbake til publikum med nye opplevingar.

Dette er mogleg takka vere iherdig innsats, stor tal på arbeidstimar og ein sterk vilje internt på Teatret Vårt. Eg er djupt takksam og imponert over kva teateret har fått til,

til trass for dei vanskelege tilhøva rundt oss. Ledetråden vår har vore at vi skal lage teater med same ambisjonar og kvalitet som alltid. Vi får offentleg tilskot som skal glede publikum i heile fylket. Det har vi tatt på alvor.

Det har vore fantastisk å sjå at framsyningane utan unntak har blitt godt mottekne og godt besøkt. Vi opplever eit stort eigarskap til teateret i heile fylket. I dette spesielle året, er vi ekstra takksame for oppslutnaden, nærværet og engasjementet. Vi er eit teater som er lite og sårbart, men samtidig eit teater som har ei styrke i storleiken.

Vi er glade for å kunne seie at Teatret Vårt har tatt sitt oppdrag på høgaste alvor også i 2021 og at vi til trass for store utfordringar har klart å levere kunstnarleg svært godt. Vi har også opprettheldt vårt mål om å kunne tilby sosiale møtestader i heile fylket. Å samle menneskjer og gje dei gode kulturopplevingar er svært viktig både i normale tider og i dette spesielle året. Det har vi prioritert og lykkast med. Det er vi stolte, glade og takksame for.

Vi fekk ekstratilskot to gonger i fjor for å oppretthalde aktiviteten. Tre nye prosjekt kom publikum til glede – Hit eit steg, Skumringstimen og Robin Hood. I tillegg kunne vi ferdigstille dei planlagde framsyningane og turnere meir og til fleire enn planlagt.

Publikumstala og billettinntektene for 2021 enda lågare enn eit normalår. Dette skuldast i all grad restriksjonane. Sum totalt tal billettar inklusiv gjestespel landa på 18.330.

I januar 2021 var publikumsrestriksjonane i salen nede på fem og ti publikummarar. Sportskoret, Scener frå eit ekteskap og Habitat spela for få publikummarar. Like fullt gjennomførde vi og vi spela teater, så lenge det var lov. For å nå dei fleste målgrupper med ulike prosjekt må vi lage nok teater. Til trass for fem, ti og femti i salen, så har vi klart å oppretthalde kvaliteten og gje publikum eit variert og godt tilbod.

Sportskoret klarte å kombinera Jelineks krevjande og kompromisslause tekst med eit leikent og tilgjengeleg formspråk. Framsyninga fekk gode kritikkar i Romsdals Budstikke og Klassekampen. Scener frå eit ekteskap med Tatu Hämäläinen på regi fekk svært god mottaking frå publikum. Romsdals Budstikke ga framsyninga terningkast 6 og Klassekampen, Dagsavisen og Shakespearetidskriftet skreiv veldig gode kritikkar. Dette vart ei framsyning som fekk merksemd frå heile Norge, og den vart omtalt i ei rekkje samanhengar. Habitat av Fredrik Longva vart ei framsyning som sette regi, grep og form i sentrum. Den lykkast med å lage eit samansett kunstverk og fascinerte ungdommane som såg den.

I mars hadde vi premiere på vårens storsatsing – Virvelvind av Ane Brun. framsyninga var nyskriven av Nina Wester. Regien var ved Nina Wester og Kristian Lykkeslet Strømskag. Med Ane Bruns nyoversitjing av eigne låtar og Simon Revholts musikalske arrangement, lykkast vi med å opne musikken på nye måtar. Tilbakemeldingane viste at framsyninga kommuniserte direkte og godt, og at karakterane sine skjebnar ga gjenklang hos publikum og kritikarar. Det var gode kristikkar både lokalt og frå fleire nasjonale aviser. På det lågaste spela vi for 20 publikummarar, men det fungerte likevel godt.

Hit eit steg av Lina Taule Fjørtoft hadde ein veldig fin speleperiode før påske, og turnerte meir på hausten. Både barn og vaksne (og familien til Ingebrigt Davik) var begeistra.

I mai lagde Bjørnar Lisether Teigen ein ny versjon av Robin Hood – til stor glede for både vaksne og barn. Sommarteatertradisjonen er blitt vellukka og vil halde fram.

12. juni deltok vi på Dei Nynorske Festspela med ei lesing av festivaldiktar Sigmund Løvåsens Vid din sida.

Haustsesongen starta med premiere på Gift. Victoria Meirik hadde regi og Daniel Herskedal komponerte ny musikk og var med i scenerommet. Norunn Standals scenografi og lys lagde saman med musikk eit omsluttande rom med ei sakral og magisk nærvære. Dette vart ein heilt annleis teateroppleving for mange og kritikarane var begeistra.

Redaktøren av Bjørnson hadde premiere til Bjørnsonfestivalen, og med Uwe Cramer på regi og Alva Walderhaug Brosten på scenografi og kostyme vart det ei framsyning med eit kompromisslaust og nyskapande formspråk. Den klarte å lyfte fram Bjørnson sin kritikk av politikk og mediemakt inn i vår tid og med direkte kontakt til stortingsvalet. Framsyninga spela for vidaregåande skular med god respons. Den uendelige historien hadde premiere på Åndalsnes i slutten av september og var på ein god turne. Den overraska og gleda barn med sin underfundige tekst og fantasifulle kostymer og scenografi.

Skumringstimen vart ei viktig framsyning som kommuniserte godt til eit nytt publikum. I oktober var den på turne og nådde ut til eit større publikum på dei mindre turnestadane.

Grevinnen og Hovmesteren 0.6 og Julekveld med Teskjekjerringa tok opp att juletradisjonen i desember. Stjernemateriale drog på turne for Den kulturelle skolesekken. Vi klarte endeleg å gjennomføre Teaterfest i slutten av oktober. Fleire produksjonar hadde då vore utsette i halvanna år. Både publikum og vi på teateret gleda oss stort over framsyningane, fellesskapet og at vi igjen kunne vere ein sosial møteplass. Det var viktig.



I 2022 fyller Teatret Vårt 50 år. Historia forpliktar og gjev moglegheiter. Det minner oss på at oppgåva vår er viktig. Møta med publikum viser oss at Teatret Vårt er relevant.

Teater er oppleving. Håpet må opplevast for å kunne bli trudd på. Teatret er lengsel. Lengsel etter noko anna. Teater er handling. I salen blir vi minna på at verda berre blir ny gjennom våre handlingar og vår forvandling. Teater er refleksjon. Det gir oss moglegheit til å finne att vår evne til å relatere og reflektere. Djupare og grundigare. Lengre og over tid. Aleine og saman.

Det er mennesket som tar verda frå kvarandre. Det er mennesket som set den saman igjen. Kunsten og teateret sin plass i vår tilvære er å vise det vi ikkje ser og dermed også det sanne. I teateret blir fragment til samanheng. Samanheng gjer innsikt. Innsikt blir til meining. Livet må få ei meining – både no og framover.

**Kristian Lykkeslet Strømskag**
teatersjef



## DEN UENDELIGE HISTORIEN

**Basert på bøkene med samme navn av Michael Ende**

Regi **Ingrid Askvik**
Scenografi, kostyme, masker
**Johanna Dahlbäck**
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**
Musikk og lyddesign **Matias Askvik**
Dramatisert av **Vera Krohn Svaleng**

Med **Elias Moussaoui Anseth, Sigrid Alnæs, Kristoffer Egset, Eline Øverby**

Première 28. september 2021
på arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 28
Publikum: 1 552



**Fantasifest i lys og lyd.**
**ROMSDALS BUDSTIKKE**



**Musikalsk hjemmeseier.**
ROMSDALS BUDSTIKKE



## VIRVELVIND

**Basert på musikk av Ane Brun**

Manus **Nina Wester** i samarbeid med skodespelarane
Omsetjing songtekstar **Ane Brun**
Regi **Nina Wester** og **Kristian Lykkeslet Strømskag**
Scenograf og kostymedesignar **Daniel Åkerström-Steen**
Musikalsk ansvarleg og arrangør **Simon Revholt**
Lysdesign **Jonas PA Fuglseth**
Designkonsulent **Alva Walderhaug Brosten**
Koreografisk assistanse **Martha Standal**

Med **Sara Fellman, Kjersti Botn Sandal, Johanna Mørck. Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord**

Kapellmeister/strengar **Sindre Klykken**
Blås **Lauritz Skeidsvoll**
Perkusjon **Jo Inge Nes**
Tangentar **Rune Tylden**

Urpremière 18. mars 2021
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 37
Publikum: 2 084





## REDAKTØREN

**av Bjørnstjerne Bjørnson**
i en versjon av **Uwe Crame**r
og ensemblet

Regi **Uwe Cramer**
Scenografi og kostymedesign
**Alva Walderhaug Brosten**
Maske **Maren Togstad**
Oversettelse sitat **Elisabeth Beanca Halvorsen**
Suffli og tekstarbeid **Linn Christine Wennersten/Ole Andreas Silseth**

Med **Sara Fellman, Nils Johnson, Vivi Sunde, Preben Lillebø Rongve, Ingrid Myhre Løvik**

Premiere 7. september 2021
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 16
Publikum: 699





## I-VI

**av Fredrik Høyer**

Regi **Kristian Lykkeslet Strømskag**
Musikk **Bård Watn**
Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik** og **Linn Christine Wennersten**

Premiere 20. oktober 2021
på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 2
Publikum: 85

# RESULTATREKNESKAP

| | NOTE | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | |
| Billett- og programsal | | 2 047 712 | 3 021 709 |
| Sal Kafé Kurt | | 2 031 074 | 2 124 863 |
| Offentlege tilskott | | 51 547 452 | 50 670 522 |
| Anna driftstilskott | | 2 976 892 | 3 013 636 |
| **Sum driftsinntekter** | | **58 603 130** | **58 830 730** |
| | | | |
| **DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| Varekjøp Kafé Kurt | | 603 820 | 734 675 |
| Lønnskostnadar inkl sos.kost. | 2 | 32 618 069 | 31 372 598 |
| Materialkostnader | | 1 102 056 | 1 192 530 |
| Sal- og informasjonskostnader | | 1 894 586 | 1 083 984 |
| Kostnadar vedrørende lokale | | 10 111 318 | 9 938 701 |
| Utstyrskostnadar | | 327 746 | 372 947 |
| Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler | 3 | 1 053 362 | 1 618 398 |
| Annen driftskostnad | | 10 071 564 | 9 265 051 |
| **Sum driftskostnadar** | | **57 782 523** | **55 578 883** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **820 607** | **3 251 848** |
| | | | |
| **FINANSINNTEKT/-KOSTNAD** | | | |
| Anna renteinntekt | | 18 151 | 42 478 |
| Anna finansinntekt | | 200 223 | 146 075 |
| Anna rentekostnad | | 0 | 4 373 |
| Anna finanskosnad | | 44 428 | 85 369 |
| **Resultat av finansielle postar** | | **173 946** | **98 810** |
| | | | |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **994 552** | **3 350 658** |
| | | | |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| | | | |
| **Årsresultat** | | **994 552** | **3 350 658** |
| | | | |
| **Overføringar** | | | |
| Avsatt til anna eigenkapital | 4 | 994 552 | 3 350 658 |
| **Sum overføringar** | | **994 552** | **3 350 658** |



Bilete er frå ensemblet i 2020

## STJERNEMATERIALE

Manus **Mattias Andersson**
Omsetjing **Vera Krohn Svaleng**

Regi **Vera Krohn Svaleng**
Scenografi og kostymer
**Ida Grimsgaard**
Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigrid Alnæs, Elias Moussaoui Anseth, Krisoffer Egset, Eline Øverby**

Premiere 22. september 2020 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 27 (2020)
Publikum: 1 470 (2020)
Framsyningar: 16
Publikum: 1 236

# BALANSE

| | NOTE | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELAR** | | | |
| | | | |
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| | | | |
| **Varige driftsmidlar** | | | |
| Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr | | 4 479 697 | 3 241 807 |
| **Sum varige anleggsmidlar** | 3 | **4 479 697** | **3 241 807** |
| | | | |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Investeringer i tilknytta selskap | | 426 000 | 426 000 |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 3 000 | 3 000 |
| Andre langsiktige fordringar | | 1 516 275 | 1 316 052 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **1 945 275** | **1 745 052** |
| | | | |
| **Sum anleggsmidlar** | | **6 424 972** | **4 986 859** |
| | | | |
| **OMLØPSMIDLAR** | | | |
| **Varar** | | | |
| Lager av varar og anna beholdning | | 227 969 | 152 170 |
| **Sum varar** | | **227 969** | **152 170** |
| | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Kundefordringar | | 3 597 259 | 359 248 |
| Andre kortsiktige fordringar | 6 | 1 623 537 | 1 896 427 |
| **Sum fordringar** | | **5 220 796** | **2 255 675** |
| | | | |
| Bankinnskott, kontantar o.l. | | 12 077 749 | 14 691 456 |
| Sum bankinnskott, kontantar o.l. | | **12 077 749** | **14 691 456** |
| | | | |
| **Sum omløpsmidler** | | **17 526 513** | **17 099 301** |
| | | | |
| **SUM EIGENDELAR** | | **23 951 485** | **22 086 160** |

# BALANSE

| EIGENKAPITAL OG GJELD | NOTE | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| **Innskott eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 4, 5 | 600 000 | 600 000 |
| **Sum innskott eienkapital** | | **600 000** | **600 000** |
| **Opptjent eigenkapital** | | | |
| Anna eigenkapital | 4 | 9 695 061 | 8 700 509 |
| **Sum opptjent eigenkapital** | | **9 695 061** | **8 700 509** |
| **Sum eigenkapital** | | **10 295 061** | **9 300 509** |
| **GJELD** | | | |
| Andre avsetningar for forpliktelser | | 783 708 | 1 314 530 |
| **Sum avsetningar for forpliktelser** | | **783 708** | **1 314 530** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 1 026 930 | 1 839 012 |
| Skuldig offentlege avgiftar | | 2 454 336 | 2 234 750 |
| Anna kortsiktig gjeld | 6 | 9 391 450 | 7 397 359 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **12 872 716** | **11 471 121** |
| **Sum gjeld** | | **13 656 424** | **12 785 652** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **23 951 485** | **22 086 160** |

Molde 24. februar 2022

Leon Jarle Aurdal
styreleiar

Einar Hernborg
nestleiar

Oskar Skulstad
styremedlem

Aud Solveig Malmedal Pedersen
styremedlem

Jonas Poul Aspenberg Fuglseth
styremedlem

Marit Ingvild Aas
styremedlem

Roger Bach
styremedlem

Kristian Lykkeslet Strømskag
daglig leder

# NOTAR

## NOTE 1
## REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekt er blir resultatført etter kvar einskild framsyning. Kostnader blir behandla etter samanstillings-prinsippet, dvs. at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekt resultatføres.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggs-middel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel er vurderte til lågaste av inn-kjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.
Anleggsmiddel er vurderte til innkjøps-kostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forvent ar at verdifallet er forbigåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til t ap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr 31.12.

Varige driftsmiddel blir balanseførde og av-skrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Aksjar og delar i dotterselskap og tilknytt sel-skap er oppført til anskaffingskost, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Varer vurderast til det lågaste av anskaffings-kost og verkeleg verdi. Pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført. Kostnaden er lik premien.

Selskapet driv kafé. Denne er skattepliktig, medan anna drift er friteken for skatt.

## NOTE 2
## LØNSKOSTNADAR

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Løningar | 25 050 939 | 24 789 744 |
| Folketrygdavgift | 3 903 909 | 3 626 015 |
| Pensjonskostnader | 3 273 920 | 2 576 533 |
| Andre lønskostnader | 389 301 | 380 306 |
| **Sum** | **32 618 069** | **31 372 598** |
| | | |
| Gjennomsnittleg årsverk | 38 | 40 |

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gj ennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktelsen er ikkje balanseført.

## NOTE 3
## VARIGE DRIFTSMIDLER

| | Bilar | Maskiner, inventar | Webside | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 1.1. | 2 299 528 | 13 987 884 | 262 323 | 16 549 735 |
| Tilgang i løpet av året | 578 925 | 1 280 140 | 432 188 | 2 291 253 |
| Avgang i løpet av året | | | | |
| Akkumulerte avskrivninger | - 2 048 154 | - 12 185 787 | -127 349 | -14 361 290 |
| Bokført verdi 31.12. | 830 299 | 3 062 237 | 567 162 | 4 479 698 |
| | | | | |
| Årets avskrivninger | 134 468 | 887 057 | 31 837 | 1 053 362 |
| | | | | |
| Avskr.tid | 10 år | 10 år | 3 år | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | Lineær | |

## NOTE 4
## EIGENKAPITAL

| | Aksje-kapital | Annan EK | Sum |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital pr. 01.01. | 600 000 | 8 700 509 | 9 300 509 |
| Årsresultat | | 994 552 | 994 552 |
| Eigenkapital pr. 31.12. | 600 000 | 9 695 061 | 10 295 061 |

## NOTE 5
## TAL PÅ AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 600 000,- består av 300 aksjer à pålydande kr. 2 000,-. Alle aksjar har lik stemmerett.

| Selskapets aksjonærarar er: | Antall | Eigerandel |
|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylke | 132 | 44% |
| Molde kommune | 132 | 44% |
| Ålesund kommune | 24 | 8% |
| Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal | 12 | 4% |
| Sum | 300 | 100% |

## NOTE 6
## PERIODISERINGAR OG KORTSIKTIG GJELD

Diverse forskottsbetalte kostnader i 2021 som er aktivert og vil bli rekneskapsført på år 2022 er:

| | |
|---|---|
| Kostnader på eigne framsyningar 2021 | 1 536 503 |
| Periodisert forsikring | 9 933 |
| Andre periodiserte driftskostnader | 38 040 |

Forskottsbetalte inntekter/påløpne kostnadar som er avsett:

| | |
|---|---|
| Billettsal for Riksteatret og andre | 136 280 |
| Opptente inntekter Teatrets Venner/Ålesund Teaterforening | 782 906 |
| Sal gåvekort | 281 508 |
| Gåvefond | 133 759 |
| Billettsal framsyning 2022/forskotsbetalt inntekt | 279 738 |
| Tilskudd kulturdep. Teater Nå og Covid-midlar | 2 167 000 |
| Forskottsbetalt husleigetilskott frå Møre og Romsdal Fylkeskommune | 2 080 800 |
| Ikkje inntektsført husleigetilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommunen tilsvarande 5 månader i 2012 | 876 633 |



## LUNSJ OG LYRIKK

Framsyningar: 7
Publikum: 258



**Gripende kjærlighetsdrama**
ROMSDALS BUDSTIKKE



## GIFT

**av Lot Vekemans**

Omsatt av **Arne Lygre**

Regi **Victoria Meirik**
Scenografi **Norunn Standal**
Lysdesign **Norunn Standal** og **Jonas P A Fuglseth**
Lyddesign **Håkon Elias Pettersen**
Kostymedesign **Alva Walderhaug Brosten**
Musikk **Daniel Herskedal**

Med **Johanna Mørck, Bjørnar Lisether Teigen, Daniel Herskedal**

Première 26. august 2021 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 12
Publikum: 673

# REVISJONSBERETNING

BDO

BDO AS
Nøisomhed
Serviceboks 15
6405 Molde

Til generalforsamlingen i AS Regionteatret I Møre og Romsdal

## Uavhengig revisors beretning

### Konklusjon

Vi har revidert AS Regionteatret I Møre og Romsdal sitt årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021 og av dets resultat for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen (styret og daglig leder) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med



BDO

rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Molde, 25. februar 2022
Bdo AS

Jan Inge Torset
statsautorisert revisor



BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

## STØTTA AV

## GENERALSPONSOR

## HOVUDSPONSORAR

# STATISTIKK 2021

| Eigenproduksjonar | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Sportskoret | 13 | 127 |
| Scener fra et ekteskap | 12 | 123 |
| Habitat | 20 | 466 |
| Robin Hood V 2.1 | 7 | 817 |
| Virvelvind | 37 | 2 084 |
| Lunsj og Lyrikk | 7 | 258 |
| Ved din sida | 1 | 60 |
| Akustisk aften | 2 | 118 |
| Den uendelige historien | 28 | 1 552 |
| Gift | 12 | 673 |
| Gift - klang av håp | 2 | 88 |
| Grevinnen og Hovmesteren 0.6 | 11 | 1 096 |
| Skumringstimen | 22 | 1 101 |
| Julekveld med Teskjekjerringa | 25 | 2 523 |
| Redaktøren | 16 | 699 |
| Stjernemateriale 2.0 | 16 | 1 236 |
| Hvordan er det å være voksen? | 3 | 69 |
| i-vi | 2 | 85 |
| | | |
| Formidlingsaktivitet | 18 | 1 033 |
| | | |
| **SUM EIGENPRODUKSJONAR** | **254** | **14 208** |

| Samproduksjonar | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Konsert med Mosaikk | 1 | 56 |
| Teskjekjerringa på museet | 4 | 506 |
| Hit eit steg | 32 | 1434 |
| **SUM SAMPRODUKSJONAR** | **37** | **1 996** |

| Gjestespel | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|
| Gisle Børge Styve Trio | 1 | 111 |
| Peer på pub | 1 | 70 |
| HM Kongens Garde | 1 | 290 |
| Høna, egget og reven | 1 | 138 |
| LØVE | 7 | 356 |
| STATE | 1 | 72 |
| Tobias og den dagen det smalt | 1 | 91 |
| PANG! | 1 | 90 |
| Tilstander av unntak | 1 | 24 |
| Are Kalvø TOPPAR VG-LISTA | 1 | 413 |
| Selskapsdyret | 2 | 31 |
| Svensk aften med Helge og Heine | 2 | 364 |
| Teaterkonsert Sundfør | 1 | 164 |
| **SUM GJESTESPEL** | **21** | **2 214** |
| | | |
| **SUM TOTALT** | **310** | **18 418** |

# NØKKELTAL

| | |
|---|---|
| Publikum | 18 418 |
| Framsyningar | 310 |
| Billettinntekter | 2 047 712 |
| Tilskott for DKS turnéar | 399 000 |
| Gj.snitt inntekt pr. billett inkl DKS | 111,71 |

| | |
|---|---|
| Kulturdepartementet | 32 494 232 |
| Kulturdepartementet (husleige) | 2 840 000 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 6 924 004 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune (husleige) | 2 104 000 |
| Molde kommune | 6 044 412 |
| Ålesund kommune | 1 140 800 |
| **Samla tilskott** | **51 547 452** |

# ØKONOMISK RESULTAT

| | 2021 | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Inntekter: | | | |
| Billettsal | 2,1 | 3,0 | 2,6 |
| Kafé | 2,0 | 2,1 | 3,6 |
| Anna | 3,0 | 3,0 | 3,9 |
| Tilskott | 51,5 | 50,7 | 48,5 |
| Sum | 58,6 | 58,8 | 58,6 |
| Kostnader | | | |
| Drift | 57,8 | 55,6 | 57,9 |
| Finansk. | 0,2 | 0,1 | 0,2 |
| Ekstraord. | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 57,6 | 55,5 | 57,7 |
| Resultat | 1,0 | 3,3 | 0,9 |
| Eigenkapital pr 31.12 | | | |
| Sum | 10,3 | 9,3 | 6,0 |




## JULEKVELD MED TESKJEKJERRINGA

**Dramatisert av Kjersti Botn Sandal**
**Basert på Alf Prøysens bøker**

Regi **Kjersti Botn Sandal**
Scenografi og kostymedesign
**Leiko Fuseya**
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**
Musikalsk ansvarleg **Jonas Høgseth**

Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik, Linn Christine Wennersten**

Premiere 19. november 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 25
Publikum: 2 523

Produsert i samarbeid med Istad.





## GREVINNEN OG HOVMESTEREN 0.6

Av **Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**
Musikk **Erik Teigen**
Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 18. november 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 11
Publikum: 1 096



**Alt i alt var «Grevinnen og hovmesteren 0.6» en god og bemerkelsesverdig rask og lettfordøyelig feelgood-time for folk i beste julebordalder. Og de lo!**

**ROMSDALS BUDSTIKKE**

# REPERTOAR 2021




## SPORTSKORET
av **Elfriede Jelinek**

Omsatt av **Elisabeth Beanca Halvorsen**

Regi og scenografi **Kristian Lykkeslet Strømskag**

Med **Sara Fellman, Johanna Mørck** og **Julie Støp Husby**

Premiere 13. januar 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 13
Publikum: 127




## SCENER FRA ET EKTESKAP
av **Ingmar Bergman**

Etter avtale med Josef Weinberger Limited, London

Dramatisert av **Arne Lygre**

Regi **Tatu Hämäläinen**

Visuelt konsept **Tatu Hämäläinen** og **Philip Isaksen**

Komponist **Tatu Rönkkö**

Lysdesign **Phillip Isaksen**

Med **Bjørnar Lisether Teigen** og **Kjersti Botn Sandal**

Premiere 20. januar 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 12
Publikum: 123




## HABITAT
av **Fredrik Longva**

Scenografi og kostyme
**Erika Sjödin**

Lysdesign
**Jonas P A Fuglseth**

Musikk
**Vera Krohn Svaleng**

Scenografiassistent
**Sara Fuglu**

Masker
**Anita Jacobsen Marø**

Dukkemaker
**Sofia Andersson**

Rekvisittar og masker
**Freya Busby**

Kostymetilvirkarar
**Elin Berg** og **Vilde Pettersen**

Med **Catharina Vu, Preben Lillebø Rongve, Amalie Sofie Ibsen Jensen, Benedikte Sandberg** og **Lars Halvor Andreassen**

Premiere 30. januar 2021 Arbeideren kulturhus, Ålesund.

Framsyningar: 20
Publikum: 466




## VIRVELVIND
**Basert på musikk av Ane Brun**

Manus **Nina Wester** i samarbeid med skodespelarane
Omsetjing songtekstar **Ane Brun**
Regi **Nina Wester** og **Kristian Lykkeslet Strømskag**
Scenograf og kostymedesignar
**Daniel Åkerström-Steen**
Musikalsk ansvarleg og arrangør
**Simon Revholt**
Lysdesign **Jonas PA Fuglseth**
Designkonsulent **Alva Walderhaug Brosten**
Koreografisk assistanse
**Martha Standal**

Med **Sara Fellman, Kjersti Botn Sandal, Johanna Mørck. Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord**

Kapellmeister/strengar
**Sindre Klykken**
Blås **Lauritz Skeidsvoll**
Perkusjon **Jo Inge Nes**
Tangentar **Rune Tylden**

Urpremière 18. mars 2021 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 37
Publikum: 2 084




## ROBIN HOOD
Basert på **Legenden om Robin Hood**

Regi og bearbeid av **Bjørnar Lisether Teigen**

Dramaturgar **Kristian Lykkeslet Strømskag** og **Vera Krohn Svaleng.**

Med **Bjørnar Lisether Teigen, Lars Melsæter Rydjord, Sara Fellman, Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik og Rolf Mørck.**

Première 26. juni 2021 i Reknesparken, Molde

Framsyningar: 7
Publikum: 817




## I-VI
**Skriven av Fredrik Høyer**

Regi **Kristian Lykkeslet Strømskag**
Musikk **Bård Watn**

Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik** og **Linn Christine Wennersten**
Première 23. oktober 2001 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 2
Publikum: 85












## STJERNE-MATERIALE

Manus **Mattias Andersson**
Omsetjing **Vera Krohn Svaleng**

Regi **Vera Krohn Svaleng**
Scenografi og kostymer **Ida Grimsgaard**

Lysdesign **Jonas P A Fuglseth**

Med **Sigrid Alnæs, Elias Moussaoui Anseth, Krisoffer Egset, Eline Øverby**

Premiere 22. september 2020 på Arbeideren kulturhus, Ålesund

Framsyningar: 16
Publikum: 1 236

## SKUMRINGS-TIMEN

av **Peter Drabløs**

Regi **Eldrid Schrøder Kvalvik**

Med **Astrid Overaa, Peter Drabløs**

Premiere 8. november 2020 på Teatretfabrikken, Ålesund

Framsyningar: 22
Publikum: 1 101

## GIFT

av **Lot Vekemans**

Omsatt av **Arne Lygre**

Regi **Victoria Meirik**
Scenografi **Norunn Standal**
Lysdesign **Norunn Standal** og **Jonas P A Fuglseth**
Lyddesign **Håkon Elias Pettersen**
Kostymedesign **Alva Walderhaug Brosten**
Musikk **Daniel Herskedal**

Med **Johanna Mørck, Bjørnar Lisether Teigen, Daniel Herskedal**

Premiere 26. august 2021 på Teatret Vårt, Molde

Framsyningar: 12
Publikum: 673

## GREVINNEN OG HOV-MESTEREN 0.6

Av **Bjørnar Lisether Teigen**

Regi **Bjørnar Lisether Teigen**
Musikk **Erik Teigen**
Med **Lars Melsæter Rydjord** og **Bjørnar Lisether Teigen**

Premiere 18. november 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 11
Publikum: 1 096

## JULEKVELD MED TESKJE-KJERRINGA

Dramatisert av **Kjersti Botn Sandal**
Basert på **Alf Prøysen** sine bøker

Regi **Kjersti Botn Sandal**
Scenografi og kostymedesign **Leiko Fuseya**
Lysdesign **Jonas P. A. Fuglseth**
Musikalsk ansvarleg **Jonas Høgseth**

Med **Johanna Mørck, Ingrid Myhre Løvik, Linn Christine Wennersten**

Premiere 19. november 2021 på Teatret Vårt, Molde.

Framsyningar: 25
Publikum: 2 523

Produsert i samarbeid med Istad.

# TILSETTE VED TEATRET VÅRT

**Skodespelarar/kunstnarleg tilsette**

| | |
|---|---|
| Sara Fellman | skodespelar |
| Johanna Mørck | skodespelar |
| Lars Melsæter Rydjord | skodespelar |
| Bjørnar Lisether Teigen | skodespelar/instruktør |

**Engasjerte skodespelarar/kunstnarlege tilsette**

| | |
|---|---|
| Lars Halvor Andreassen | skodespelar |
| Catharina Vu | skodespelar |
| Ingrid Myhre Løvik | skodespelar |
| Amalie Sofie Ibsen Jensen | skodespelar |
| Elias Moussaoui Anseth | skodespelar |
| Astrid Overaa | skodespelar |
| Mari Strand Ferstad | skodespelar |
| Kjersti Botn Sandal | instruktør/skodespelar |
| Benedikte Karine Sandberg | skodespelar |
| Kristoffer Egset | skodespelar |
| Eline Øverby | skodespelar |
| Sigrid Alnæs | skodespelar |
| Julie Støp Husby | skodespelar |
| Linn Christine Wennersten | skodespelar |
| Lina Taule Fjørtoft | skodespelar |
| Nils Johnson | skodespelar |
| Preben Rongve | skodespelar |
| Rolf Mørck | skodespelar |
| Lauritz Skeidsvoll | musiker |
| Lars Martin Vik | musiker |
| Rune Tylden | musiker |
| Simon Revholt | musikalsk ansvarleg |
| Sindre Klykken | musiker |
| Jo Inge Nes | musiker |
| Mari Vatne Kjelstadli | instruktør |
| Ingrid Askvik | instruktør |
| Uwe Cramer | instruktør |
| Nina Wester | instruktør |
| Alva Brosten | scenograf/kostymedesign |
| Norunn Standal | scenograf/kostymedesign |
| Daniel Åkerstrøm-Steen | scenograf/kostymedesign |
| Tatu Hämäläinen | instruktør |
| Fredrik Longva | instruktør |
| Agnethe Tellefsen | scenograf |
| Daniel Herskedal | komponist/musiker |
| Matias Askvik | komponist |
| Viktoria Meirik | instruktør |
| Arne Lygre | dramatikar |

**Administrasjon**

| | |
|---|---|
| Kristian Lykkeslet Strømskag | teatersjef |
| Solveig Dyrnes | salsleiar |
| Mary Farstad | adm.konsulent |
| Monica Hagset | økonomikonsulent |
| Rolf-Inge Pedersen Hjelseth | informasjonsleiar |
| Bente Maridal Hoflandsdal | løn- og rekneskapsleiar |
| Knut Lidvard Høgset | direktør |
| Mathilde Håseth-Eik | billettseljar |
| Vera Krohn Svaleng | kunstnerisk leiar av Ålesund |
| Marianne Myrbostad | formidlingsleiar |
| Miriam Øverås Pedersen | billettseljar |
| Kjersti Solenes | marknadsleiar |
| Gunn Talstad | adm.sekretær |
| Tiril Høgset | billettseljar |

**Teknisk avdeling**

| | |
|---|---|
| Georgina Alexander | inspisient |
| Elin Berg | leiar systova |
| Freya Imogen L. Busby | rekvisitør (permisjon) |
| Halvard Fiksdal | produsent |
| Jonas P A Fuglset | teknikar |
| Arnstein Hoem | smed/sjåfør |
| Ingvar Kristensen | teknikar |
| Lasse Skrivarhaug | teknikar |
| Svein Larsen | teknisk leiar |
| Ho Weng I | kostymesyar |
| Elin Nyheim | inspisient |
| Aleksandar Panayotov | snikkar/sceneteknikar |
| Vilde Ingebrigtsen Pettersen | kostymesyar (permisjon) |
| Henrik S. Solberg | teknikarassistent |

| Engasjerte i teknisk avdeling | |
|---|---|
| Roy Carlsen | produsent |
| Tore Hagseth | snikkar/sceneteknikar |
| Sindre Stølsdokken | inspisient |
| Hanna Sønderland | inspisient |
| Christen Andre Mentzon | teknikar |
| | |
| **Kafè Kurt** | |
| Mohamed Zbidi | kjøkkensjef |
| Aude Chevet-Wollan | kokk/servitør |
| Asta Navickiene | ekstrahjelp |
| Tania Rosa Rodrigues-Braga | ekstrahjelp |
| Cecilie Opshaug | servering |
| Nina Vatn Torsdatter | servering |

# STYRET

**Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:**

| | |
|---|---|
| Leon Jarle Aurdal | styreleiar |
| Marit Ingvild Aas | styremedlem |
| Roar Bach | styremedlem |
| Kjersti Andersen | varamedlem |

**Representant frå Molde kommune:**

| | |
|---|---|
| Einar Hernborg | nestleiar |
| Ingvild Espelid Wold | varamedlem |

**Representant frå Ålesund kommune:**

| | |
|---|---|
| Oskar Skulstad | styremedlem |
| Kari Grindvik | varamedlem |

**Representant frå Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal:**

| | |
|---|---|
| Aud Solveig Pedersen Malmedal | styremedlem |
| Reidun Synnøve Flatøy | varamedlem |

**Representant frå dei ansatte:**

| | |
|---|---|
| Jonas Poul Aspenberg Fuglseth | styremedlem |
| Johanna Marie Bækkevold Mørck | 1. varamedlem |
| Monica Hagset | 2. varamedlem |

# REPRESENTASJON

**Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:**

Kristian Lykkeslet Strømskag

**Norsk Teaterlederforum:**

Kristian Lykkeslet Strømskag
Knut Lidvard Høgset

**Molde Kulturbygg AS:**

Kristian Lykkeslet Strømskag

**Representantskapet i stiftelsen Molde International Jazz Festival:**

Kristian Lykkeslet Strømskag

TEATRET VÅRT
AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL
Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no